



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
08.04.2014
Dykkar dato
04.03.2014

Vår referanse
2012/2157 - 561
Dykkar referanse
200803805-

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om løyve til å byggje Brekkefossen kraftverk, Fjaler kommune

Vi viser til oversendinga datert 4.3.2014 og til fråsegna vår datert 21.6.2012.

Fylkesmannen vurderer at Brekkefossen kraftverk med inntak ved kote 333 vil råke landskap og friluftsliv i stor grad, ved at vassføringa i den nedre delen av fossen ved inngangen til eit regionalt viktig friluftsområde vert sterkt redusert. Prosjektet er også planlagt med for låg minstevassføring til å avbøte skadane på vasstilknytt flora og fauna på tiltaksstrekninga. Vi rår difor i frå at det vert gjeve konsesjon.

Søknaden er endra i høve til prosjektet med inntak i Brekkefossen ved kote 374 som vart avsløge av NVE 25.2.2013. Inntaket er flytta til kote 333, og kraftstasjonen får avlaup ved kote 244. Minstevassføringa er samtidig redusert frå 100 l/s til 50 l/s. Årleg kraftproduksjon er redusert frå 14,5 GWh til 9,5 GWh.

Avslaget på den opphavlege søknaden vart grunngeve med at utbygginga ville råke Brekkefossen, som er eit viktig landskapselement i inngangen til eit viktig friluftsområde med stor verdi både lokalt og regionalt. Det vart vurdert at utbygginga ville øydeleggje landskapskvalitetane ved å dele fossen i to, og at slepp av minstevassføring ikkje kunne bidra til å oppretthalde elva som landskapselement. Vidare var inntaket plassert i det mest eksponerte området av fossen. Det vart også lagt noko vekt på den monalege samla belastninga frå kraftutbygging på synlege fossar i dalsfjordområdet.

Planendringa vil sikre naturleg vassføring i dei øvste om lag to tredjedelar av fossen som er synleg frå vegen opp dalen, og inntaket ser ut til å vere lagt i ein mindre eksponert del av fossen. Den nedste om lag tredjedelen av fossen vil framleis verte utbygt.

Etter vår vurdering er den nye søknaden noko meir miljøtilpassa enn søknaden som vart avsløge, men tiltaket vil likevel råke landskap og friluftsliv i stor grad. Det vesentlege er at også det nye alternativet vil dele fossen i to slik at det framleis vil verte stor kontrast mellom ein øvre del med naturleg vassføring og ein nedre del med uvanleg låg vassføring det meste av året.

I fråsegna til det opphavlege prosjektet omtalte vi ei bekkekløft ovanfor kraftstasjonen der levermosen krusskortemose (*Cynodontium fallax*) er funne. Dersom elva vert utbygt må det fastsetjast eit tilstrekkeleg miljøbasert vassføringsregime minst på nivå med 5-persentilar sommar og vinter for å avbøta skadane på denne naturtypen og vasstilknytt flora og fauna elles på tiltaksstrekninga.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Fylkesmannen meiner på bakgrunn av det som er sagt ovanfor at utbygginga vil råke landskap og friluftsliv ved inngangen til eit regionalt viktig friluftsområde i stor grad, og vi rår i frå at det vert gjeve konsesjon til Brekkefossen kraftverk.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Miljødirektoratet
Fjaler kommune